Valprogram Kinn Ap 2027-2031

TRYGGLEIK FOR MORGONDAGEN - TRU PÅ FRAMTIDA

Kinn Arbeidarparti vil ha eit samfunn med små skilnader og like moglegheiter for alle. Når vi løyser oppgåver i fellesskap med tillit til kvarandre, så har vi dei beste føresetnadane for å skape gode lokalsamfunn.

Dei kommande åra vil demografi, klima- og miljøendringar, opprusting og beredskap krevje omstilling og gi oss nokre utfordringar. Nedgang i folketal og færre innbyggjarar i arbeidsfør alder er noko som treff alle kommunar i vår region. Endringar i klima og natur gjev stor usikkerheit for fiskeri og alle næringar knytt til havet. Omstilling til eit samfunn som ikkje øydelegg jorda for framtidige generasjonar går for seint. Samstundes som vi treng areal for å omstille oss, treng naturen beskyttelse og ikkje meir øydelegging. Opprusting av forsvar og trong for auka beredskap i samfunnet kan skape bekymring. Oppgåvene vi skal løyse er meir komplekse og for å halde fram med å levere gode tenester til innbyggjarane, treng vi meir samarbeid, både mellom sektorar i eigen kommune og med nabokommunar. Tydelege prioriteringar, trygg økonomistyring, god informasjon og tett dialog med innbyggjarane blir viktig framover.

Kinn er ein kommune med store avstandar. Nokre stadar veks, medan andre stadar får færre innbyggjarar. Det skal vere godt å bu i både by og grend. Vi kan ikkje ha alle tilbod og tenester overalt, men folk må ha tilgang til det dei treng innan rimeleg avstand og kunne kome seg dit. Dei to byane våre skal ha urbane kvalitetar og attraktive tilbod som innbyggjarane forventar å finne i eit bysentrum.

Kinn Arbeidarparti meiner at eit godt samfunn blir skapt i samarbeid mellom kommunen, innbyggjarane, næringsdrivande og frivilligheita. Å vere ein del av fellesskapet og gi av si tid til andre har stor verdi for den enkelte og bidrar til å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Likevel er vi tydelege på at frivilligheita er eit viktig supplement, men inga sjølvfølge. Det offentlege har alltid ansvar for at innbyggjarane opplever tryggleik og kvalitet i tenestene.

Topp 10

Dette er Kinn Arbeidarparti sine 10 prioriterte saker vi skal arbeide for i den kommande valperioden. Nokre saker kan vi gjennomføre gjennom kommunale vedtak og budsjett, og andre må vi arbeide saman med nabokommunane, fylket og staten for å få til.

NB! Lista er ikkje uttømmande , må få fullmakt til fylle på lista / bestemme kor mange punkt som skal med

Kinn Arbeidarparti vil i neste valperiode:

- Ikkje auke eigedomsskatten.
- Realisere Nordfjordbadet i Måløy og Storhallen i Florø.
- Ikkje leggje ned fleire skular.
- Sikre føreseieleg og rask sakshandsaming for næringslivet.
- Gjenopprette ei 20 prosent stilling på ungdomsklubben i Eikefjord.
- Sikre vidareføring av fritidskortet.

Tryggleik for Kinn

Kinn Arbeidarparti aukar innsatsen for ei framtid som er berekraftig, med bruk av fornybare ressursar og ein sirkulær økonomi. Ei meir uføreseieleg verd gjer at det er større usikkerheit om naturressursar, større krav til rask omstilling, og at nye næringar kan komme som vi ikkje ser i dag. Satsing på forsvar og beredskap merkast godt i vår kommune. Skipsverft, flyplass og forsvaret si redningshelikopterteneste er viktige og gjev ringverknadar i eit stort omland.

Kinn Arbeidarparti vil:

- At Kinn skal vere ein trygg og attraktiv kommune for alle å bu i.
- Leggje til rette for at dei maritime og marine næringane får føreseielege vilkår for vidare utvikling og sikker matproduksjon.
- Støtte arbeidet og leggje til rette for dei tiltaka som vert gjort i samband med forsvarets bruk av den lokale industrien, både i Florø og Måløy.
- At Kinn kommune skal vere ei viktig brikke for landets beredskap, både på land, på sjøen og i lufta.
- Styrke lokal beredskap for mat, drivstoff, straum og andre kritiske samfunnsfunksjonar.

Tryggleik for arbeids- og næringsliv

Kinn skal vere ein god kommune å arbeide, investere og drive næring i. Eit sterkt næringsliv skapar arbeidsplassar, verdiskaping og framtidstru. Arbeidsplassar er grunnlaget for gode lokalsamfunn og utvikling av gode tilbod. Vi held fram med å utvikle kysten, og vi styrker samarbeidet i regionen. Kinn kommune skal lytte og samarbeide med næringslivet, samt vere tydelege i prioritering av arealbruk.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Arbeide aktivt for rekruttering av naudsynt kompetanse og syte for at kommunen er ei god lærebedrift.
- Styrke eit organisert arbeidsliv med trygge jobbar og rettferdig løn. Vi er imot konkurranseutsetjing av kommunale arbeidsoppgåver.
- Arbeide for at Kinn skal vere ein næringsvenleg kommune med rask og føreseieleg sakshandsaming.
- Satse på reiseliv og ønske turistar velkommen i ein kommune som vel berekraftig og legg vekt på lokal verdiskaping, unik natur og kystkultur.
- Vere ein pådrivar for gode rammevilkår for Aksello og Måløy Vekst som drivkraft for næringsutvikling i Kinn.

Tryggleik for helse, velferd og livskvalitet for alle

Kinn Arbeidarparti vil sikre gode, offentlege helse-, omsorgs- og velferdstenester gjennom heile livet. Vi vil utvikle tenestene slik at dei støttar opp under målet om trygge, inkluderande og attraktive lokalsamfunn, der innbyggjarane kan leve aktive og sjølvstendige liv så lenge som mogleg. Vi prioriterer trygg eldreomsorg, fleire tilbod innan psykisk helse og god tilgang til helsehjelp. Kinn skal vere ein kommune der innbyggjarane opplever meistring, deltaking og tryggleik, uavhengig av alder, bustad eller livssituasjon.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Sikre god bemanning og rett kompetanse i helse- og omsorgstenestene.
- Styrke heimetenestene slik at fleire kan bu trygt heime lenger og sikre nok omsorgs- og institusjonsplassar både i Florø og i Måløy.
- Styrke førebygging, tidleg innsats og lågterskeltilbod som kan hjelpe folk til å meistre eigen kvardag og opprettholde god livskvalitet.
- Sikre god tilgang til helsehjelp, og gjere individuelle vurderingar der geografiske eller kommunikasjonsmessige forhold skapar særlege utfordringar.
- Leggje til rette for aktiv deltaking, møteplassar og fellesskap som motverkar einsemd og fremjar god fysisk og psykisk helse.

Tryggleik i heile oppveksten

Alle barn og unge i Kinn skal ha ein trygg oppvekst der dei opplever omsorg, tilhøyrsel og moglegheiter til å utvikle seg. Kinn Arbeidarparti vil føre ein politikk som styrker fellesskapet rundt barn og unge, og sikrar at vi har god kvalitet i barnehagane og på skulane våre. Tidleg innsats er med på å jamne ut sosiale forskjellar og førebyggje utanforskap seinare i livet. Vi skal syte for gode barnehage- og skulebygg og utbetre der det er naudsynt.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Styrke laget rundt barnet gjennom tettare samarbeid mellom heim, barnehage, skule, helsestasjon og andre hjelpetenester (PPT, barnevern osb.).
- At Kinn kommune skal arbeide aktivt mot mobbing, vald, rus og utanforskap gjennom førebygging og tidleg innsats.
- Ha fokus på psykisk helse for barn og unge, og sikre lett tilgang til rådgjeving, helsesjukepleiar og lågterskeltilbod som familiehjelpa.
- Prioritere bøker og avgrense skjermbruk i barnehage og skule.
- Sikre god barnehagedekning med mål om løpande inntak.

Tryggleik for økonomien

Kinn Arbeidarparti vil skape tryggleik for økonomien gjennom ansvarleg økonomisk styring, slik at Kinn held fram med å vere ein attraktiv kommune å bu, leve og arbeide i. Kinn skal vere ein trygg arbeidsgjevar som leverer gode velferdstenester til innbyggjarane. I vår kommune skal alle bli inkludert og få vere ein del av fellesskapet. Å ha eit arbeid og ei løn som ein kan leve av, er avgjerande for å ha ein trygg kvardag.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Ha realistiske budsjett og god handtering av gjeldsbyrda til kommunen for å redusere økonomisk sårbarheit.
- Prioritere lovpålagde tenester og unngå ostehøvelkutt som rammar tilfeldig.
- Leggje til rette for næringsutvikling og satse på tiltak som kan skape bulyst, gi auka tilflytting og skatteinntekter til kommunen.
- Ha heiltid som hovudregel, redusere ufrivillig deltid og arbeide systematisk for lågare sjukefråvær.
- Satse på tiltak for å hjelpe dei som har falle utanfor med å komme i arbeid gjennom tett samhandling med NAV og arbeidsmarknadsbedrifter.

Vår plan for å binde Kinn saman

God kommunikasjon er avgjerande for at folk skal kunne bu, arbeide og drive næring i heile Kinn. Trygge vegar, gode båtruter, sterke hamner og eit framtidsretta flytilbod knyter kommunen saman, styrker beredskapen og legg grunnlag for vekst og verdiskaping. Kinn Arbeidarparti vil arbeide for samferdsleløysingar som gjer kvardagen enklare for innbyggjarane og styrker regionen vår.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Vere varsame med privatisering av kommunale vegar, og leggje vekt på langsiktig samfunnsnytte ved vurdering av avhending.
- Få til ei rask opprusting av Markegata for å styrke sentrum, trivsel og næringsaktivitet i Florø.
- Sikre og vidareutvikle Florø lufthamn som eit viktig tilbod for innbyggjarar, næringsliv og beredskap, arbeide for å opprettholde FOT-rutene til Oslo og arbeide for å få Florø-Bergen inn att som FOT-rute. Vi vil òg arbeide for at Florø blir prioritert i framtidige satsingar på utsleppsfri luftfart.
- Styrke båt- og kollektivtilbodet langs kysten og sikre gode overgangar mellom ulike transportløysingar. Stad skipstunnel vil skape nye moglegheiter som vi må vere førebudde på å ta i bruk.
- Utvikle hamnene i Kinn vidare som grunnlag for verdiskaping, arbeidsplassar og aktivitet langs kysten.
- Arbeide for at Kystvegen framleis blir prioritert som eit langsiktig samferdsleprosjekt for kysten.
- Ha trygge skulevegar og gode gang- og sykkelløysingar der barn ferdast.
- Følgje opp arbeidet med å ruste opp fylkesveg 617 Kapellneset- Raudeberg.
- Arbeide for at rute sør i Florøbassenget får eit tilsvarande sommarrutetilbod som nordre og vestre delar av kommunen. Betre korrespondanse med båtruter til og frå Bergen vil styrke både reiseliv, friluftsliv og aktivitet i øysamfunna.

- Vere ein pådrivar overfor fylket og Skyss for å få etablert ein tredje ferjelem i Florø. Ei slik løysing vil gi større fleksibilitet i rutedrifta.
- Arbeide meir strategisk med samferdsle i Kinn kommune.

Vår plan for kultur og frivilligheit

Kinn skal vere ein kommune med eit rikt og mangfaldig kulturliv. Kultur skapar trivsel, identitet, fellesskap og attraktive lokalsamfunn. Kommunen skal ta eit aktivt ansvar for å utvikle kulturlivet, både gjennom eigne tenester, økonomiske støtteordningar og samarbeid med frivillige lag, kulturinstitusjonar og private initiativ. Fritidsaktivitetar og kulturtilbod skal vere tilgjengelege for alle. Fellesskap eksisterer berre når ein er open for alle, og vi støttar lag og organisasjonar som motverkar utanforskap.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Sikre gode og føreseielege rammevilkår for frivillige lag, organisasjonar, festivalar og kulturarrangement.
- Styrke kulturskulen og sikre gode kulturtilbod til barn og unge.
- Vere ein aktiv samarbeidspartnar i utvikling av kulturarenaer som t.d. Kinnakyrkja, Svanøy Hovedgård, veteranbåtane Svanhild og Atløy, Kystmuseet, Måløyraidsenteret, Vågsberget handels- og gjestgivarstad og Hagevik tønnefabrikk, og leggje til rette for etablering av nye kulturinstitusjonar.
- Ta vare på og formidle kulturarven vår, og leggje til rette for kultur som grunnlag for reiseliv, næringsutvikling og lokal verdiskaping.
- Sikre gode bibliotektilbod og utvikle biblioteka som gode og inkluderande møteplassar.

Vår plan for unge i Kinn

Kinn Arbeidarparti vil arbeide for at vi er ein kommune der alle unge opplever tryggleik, fellesskap og tru på framtida. Vi ønskjer at fleire unge skal velje å bu, utdanne seg, arbeide og stifte familie i kommunen vår. For å lukkast må vi skape eit lokalsamfunn der unge kjenner seg høyrde, inkluderte og har gode moglegheiter til å utvikle seg. Ungdom skal ikkje berre vere framtida vår, dei skal vere ein del av løysingane allereie i dag.

Kinn Arbeidarparti vil:

- Involvere ungdom i avgjerder som påverkar deira kvardag.
- Støtte arbeidet i Ungdommens kommunestyre og sikre reell medverknad i kommunale saker.
- Satse på ungdomsklubbane i alle delar av kommunen, som trygge, inkluderande og rusfrie møteplassar der ungdom kan oppleve fellesskap, meistring og tilhøyrsel.
- At kommunen og næringslivet skal tilby læreplassar og sommarjobbar.
- Arbeide for gode utdannings- og karrieremoglegheiter i Kinn, og fremje samarbeid mellom næringsliv, kommune, skular og utdanningsmiljø.